



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes digitaliseringsorganisasjon
Postboks 8122 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/3095-87

Dato
21. oktober 2025

Supplerande tildelingsbrev nr. 7 – DIO – Etablering av fleire fellestenester i departementsfellesskapet

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Tildelingsbrev 2025 – Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO), datert 3. januar 2025, og seinare supplerande tildelingsbrev.

DFD viser òg til områdegjennomgangen om samordning av administrative tenester gjennomført våren 2025, og brev til departementa med informasjonsskriv datert 28. august om fleire fellestenester for departementsfellesskapet.

Dette supplerande tildelingsbrevet inneheld informasjon om, og føringar for, fire nye oppdrag til DIO, knytt til arbeidet med å etablere nye fellestenester i departementsfellesskapet og vidare arbeid med system for saksbehandling og arkivering i departementsfellesskapet. DFD tar atterhald om at det kan kome ytterlegare oppdrag og føringar i arbeidet med fleire fellestenester.

2. Bakgrunn

Regjeringa har bestemt at bruken av administrative fellestenester i departementsfellesskapet skal aukast. DFD har fått i oppgåve å etablere fellestenester innan HR, førebyggjande tryggingarbeid, servicetenester og informasjonsforvaltning. I tillegg skal DFD overta ansvaret for representasjonsanlegget til regjeringa (RRA), inkludert eigedommane som blir forvalta og drifta av Utanriksdepartementet (UD).

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdelinga for
fellesfunksjonane for
departementa

Saksbehandlar
Vetle Bjøringsøy
Johnsen
22 24 72 67

Det er etablert eit overordna prosjekt i DFD for arbeidet med etableringa av fellestenestene. Alle forslag til grensegang mellom departementa/Statsministerens kontor (SMK) og tenesteleverandør skal leggst fram for DFD for avgjersler. DFD vil inngå omstillingsavtale med hovudsamanslutningane.

Informasjonsforvaltning: Regjeringa har bestemt at oppgåvene til departementa innan informasjonsforvaltning skal samlast i ei fellesteneste i DIO i tråd med den tilrådde modellen til områdegjennomgangen – modell 2. Implementeringa og etableringa skal skje trinnvis, og målet er at overføringa av tilsette og driftsoppgåver skal vera på plass i DIO innan sommaren 2027.

Det skal etablerast eit tverrfagleg utviklingsmiljø i DIO snarast mogleg som kan utvikle, forvalte og vidareutvikle metodar, løysingar og retningslinjer for informasjonsforvaltning. Det er eit mål å styrkje kvaliteten på data, legge til rette for effektiv deling av informasjon og støtte digitaliseringa i stort. DIO skal i samarbeid med departementa utarbeida ein felles strategi for ei framtidig heilskapleg informasjonsforvaltning, starta arbeid med utvikling av nye digitale system og etablere felles standardar. DIO skal legge til grunn funksjons- og prosessbasert klassifikasjon for departementa si informasjonsforvaltning.

Parallelt skal overføring av driftsoppgåvene frå departementa førebuast og deretter gjennomførast. Dette kan skje trinnvis for å ta ned risiko og oppnå raskare implementering. Endeleg oppgåde- og ansvarsfordeling mellom DFD, resten av departementa og DIO blir fastsett i den vidare gjennomføringa. Følgjande blir lagt til grunn:

- SMK blir ikkje omfatta av overføringa av driftsoppgåver på noverande tidspunkt. Ei eventuell overføring kan vurderast på nytt på eit seinare tidspunkt. SMK skal ha dei same tekniske løysingane og moglegheitene for samarbeid som resten av departementa.
- Innsynsføresurnader skal framleis vera ei oppgåde som ligg i departementa.
- Graderte og papirbaserte arkiv, under dette dei papirbaserte arkiva til utanriksstasjonane, blir ikkje omfatta i dette arbeidet. Det kan vurderast på eit seinare tidspunkt om det er formålstenleg å samla også desse oppgåvene i ei fellesteneste.

Nye system for saksbehandling og arkivering: DFD bestemte våren 2025 å stanse vidare innføring av sak- og arkivløysinga P360 i fleire departement. Dette fordi løysinga skulle leggst på den nye felles IKT-plattform, som tidlegast er klar i 2027. Inntil ny felles IKT-plattform er på plass, må departementa framleis nytte dagens sak- og arkivløysingar. På kort sikt er det behov for nødvendige tilpassingar og oppgraderingar av dagens løysingar. I tillegg må arbeidet med å gjere utgreiingar for nye system for saksbehandling og arkivering som kan takast i bruk på ny felles IKT-plattform bli igangsett.

Ny styrings- og avgjerdsmodell: Regjeringa har bestemt at det skal etablerast ein ny styrings- og avgjerdsmodell for administrative fellestenester i departementa. Denne modellen inneber mellom anna at hovudleverandørane av fellestenester til departementsfellesskapet – Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS) og DIO – får det daglege

ansvaret for å utvikla og forma fellestenestene, sikra etterlevande av relevant regelverk for tenestene, god dialog med departementa som kunde og brukar, samt å ta avgjerder av taktisk og operativ art. DFD skal behalda den strategiske rolla som avgjerdsrett, og styra tenesteleverandørane gjennom etatsstyringa. DFD skal i arbeidet sitt støttast av eit rådgivande organ beståande av DFD, SMK og Finansdepartementet (FIN), og dessutan tre andre departement som rullerer annakvart år.

3. Oppdrag 12: Etablere ny fellesteneste for informasjonsforvaltning

DFD gir med dette DIO eit nytt oppdrag – Oppdrag 12 – å etablere ei ny fellesteneste for informasjonsforvaltning i departementsfellesskapet. Lista nedanfor er ikkje uttømmende, men DIO skal mellom anna:

- bidra til å definera fellestenesta, mellom anna gjennom utarbeiding av forslag til tenestebeskrivingar/-konsept, med god involvering av departementa
- etablere eit tverrfagleg utviklingsmiljø for informasjonsforvaltning i DIO snarast mogleg
- leie arbeidet med å utarbeide felles strategi for den samla informasjonsforvaltninga i departementsfellesskapet
- i samråd med departementa utgreie grenseoppgang for tenesta som grunnlag for overføring av oppgåver og ressursar frå departementa
- i samråd med departementa utgreie nødvendige juridiske spørsmål knytt til departementa sitt ansvar for informasjonsforvaltninga
- sørge for god involvering og forankring av omstillingsarbeidet i fagmiljøa i departementa
- førebu og leia innføringsarbeidet på informasjonsforvaltningsområdet, under dette utvikla gode samarbeidsavtalar og styrkte samhandlingsprosessar for teneste- og fagområdet
- utføre ei risikovurdering av innføringsarbeidet i samarbeid med DFD
- utføre ein plan for gevinstrealisering ved oppretting av ny fellesteneste i samarbeid med DFD

Føring 1: Etablere delprosjekt i DIO for ny fellesteneste for informasjonsforvaltning

DIO skal organisere arbeidet med å etablere ei ny fellesteneste for informasjonsforvaltning i etaten som eit delprosjekt.

DIO skal utarbeide ein prosjekt- og milepælsplan for delprosjektet slik at det blir lagt til rette for god koordinering. DFD kan på bakgrunn av planen komme tilbake til delprosjektet med fristar undervegs i arbeidet.

- **Utkast til prosjekt- og milepælsplan skal sendast til DFD seinast innan 15. januar 2026.**

Oversending av endeleg prosjekt- og milepælsplan avtalast i dialog med DFD.

DIO skal bemanne utviklingsarbeidet med ressursar frå departementa i tillegg til egne ressursar.

Føring 2: Etablere eit tverrfagleg utviklingsmiljø for informasjonsforvaltning

Det skal prioriterast å få på plass eit utviklingsmiljø for informasjonsforvaltning så snart som råd. Utviklingsmiljøet skal i hovudsak bemannast med ressursar frå departementa.

Utviklingsmiljøet skal, mellom anna, støtte arbeidet med å utarbeide felles strategi for informasjonsforvaltning og arbeidet med system for saksbehandling og arkivering i departementsfellesskapet.

Føring 3: Utarbeide felles strategi for den samla informasjonsforvaltninga for departementsfellesskapet

Delprosjekt for informasjonsforvaltning skal leie eit arbeid med å utarbeide felles strategi for informasjonsforvaltning. Departementa skal delta i dette arbeidet, og DIO må sørge for at dette skjer på ein god måte.

Etter at DIO i samråd med departementa har utarbeidd forslag til felles strategi for informasjonsforvaltning, skal forslaget sendast over til DFD for behandling.

- **Frist for å ferdigstille og sende over forslag til felles strategi for informasjonsforvaltning til DFD er innan 20. mars 2026.**

Etter at DFD har fått og gått gjennom forslaget til felles strategi for informasjonsforvaltning, vil departementet sende forslaget på ein formell framlegging til departementa. Etter framlegginga vil endeleg strategi formelt godkjennast av DFD. Når strategien er ferdig utarbeidd og endeleg godkjend av DFD, vil DIO få ansvaret med å følgje opp strategien.

Føring 4: God dialog og tett samarbeid mellom DIO og DFD

DIO må ha god dialog og tett samarbeid med DFD i gjennomføringa av oppdrag 12. DIO skal avklare grenseflater og arbeidsdeling mot det overordna prosjektet i DFD. Det overordna prosjektet vil ha egne kontaktpersonar knytt til delprosjekta. Kontaktpersonane vil ha kontakt med delprosjektledarane om framdrift, leveransar, m.m.

- **Frist for å etablere informasjonsforvaltning som ein ny fellesteneste i DIO er innan sommaren 2027.**

4. Oppdrag 13: Videre arbeid med system for saksbehandling og arkivering i departementsfellesskapet

DFD gir med dette DIO eit nytt oppdrag – Oppdrag 13 – som formaliserer DIO sitt vidare arbeid med system for saksbehandling og arkivering i departementsfellesskapet. Oppdraget

inneheld fire føringar som er nærare beskrive under. Arbeidet skal bli sett i samanheng med strategi for informasjonsforvaltning og delprosjekt informasjonsforvaltning omtalt over.

Dette oppdraget erstattar den overordna prioriteringa om det tidlegare prosjektet for ny saks- og arkivløyising – P360 – i departementa (prioritering nr. 3), jf. tildelingsbrev 2025.

Føring 1: Greie ut nye system for saksbehandling og arkivering etter prosjektmodellen til staten for digitaliseringsprosjekt

DIO skal gjennomføre nye utgreiingar etter [prosjektmodellen til staten for digitaliseringsprosjekt](#). Desse skal danne grunnlag for framtidige val av konsept og oppstart av prosjekt for utvikling, anskaffing og innføring av nye system for saksbehandling og arkivering i departementa. Målet med utgreiingane er å gi oss godt underlag til å vurdere nye og moderne løysingar for saksbehandling og arkivering, som mellom anna kan legge meir til rette for auka bruk av automatisering og kunstig intelligens (KI) i departementa, jf. Digitaliseringsrundskrivet og arbeidet med digital utvikling forankra i strategien for departementsfellesskapet. Arbeidet må ta omsyn til endringar i ny arkivlov og forskrift.

DIO skal utarbeide eit forslag til plan for det vidare utgreiingsløpet for felles system for saksbehandling og arkivering.

- **Frist for å utarbeide og sende over forslag til overordna milepælsplan for arbeidet i samsvar med prosjektmodellen til staten for digitaliseringsprosjekt til DFD er 15. november 2025.**

Etter at DFD har gått gjennom DIO sin forslag til plan, skal DFD og FIN fastsetje endeleg plan for det vidare utgreiingsløpet som DIO vil få ansvar for. DFD har som ambisjon at forslag til konseptval skal vere ferdig innan utgangen av 2026.

Føring 2: Drift og forvaltning av P360

DIO skal saman med Statens graderte plattformtenester, Forsvarsdepartementet (FD) og SMK legge ein plan for ordinær drift og forvaltning av saks- og arkivsystemet P360 på FD si tonivå-plattform, og berekne økonomiske konsekvensar av dette.

- **Frist for dette er innan 31. desember 2025.**

Føring 3: Oppgradering av WebSak

Viss arbeid med framtidige system for saksbehandling og arkivering tek lang tid, og det blir behov for oppgradering av WebSak til versjon 9, skal DFD og DIO ha vidare dialog.

Føring 4: Innføring av P360 Online i Utanriksdepartementet og på utanriksstasjonane

UD og utanriksstasjonane har behov for mellombels sak- og arkivløyising inntil nye system for saksbehandling og arkivering er klar på ny felles IKT-plattform. UD har i samarbeid med DIO vurdert handlingsalternativa.

På bakgrunn av forprosjektet sine tilrådingar, har DFD vedteke at UD og utanriksstasjonane skal få innført P360 Online leverte som ei skyteneste (SaaS-løysing) på IKT-plattformen til UD, som ei mellombels løysing inntil nye system for saksbehandling og arkivering er klar på ny felles IKT-plattform. DIO og UD har berekna at innføring av dette i UD og utanriksstasjonane, har ein prosjektkostnad på om lag 11 millionar kroner.

DFD ber med dette DIO om å hjelpe UD i deira arbeid med å gjennomføre dette.

DIO skal saman med UD legge ein plan for ordinær drift og forvaltning av mellombels løysinga P360 Online på IKT-plattformen til UD. DIO skal forvalte avtala med leverandøren, men skal ikkje dekke løpande driftsutgifter. Alle kostnadene som følgjer av avtala med leverandøren vil dekkast av UD.

5. Oppdrag 14: Bidra i etableringa av dei nye fellestenestene i DSS

DFD gir med dette DIO eit nytt oppdrag – Oppdrag 14 – å bidra i arbeidet til DSS med å etablere nye fellestenester for områda førebyggjande tryggingsarbeid, HR og servicetenester, og med å overføre ansvaret for drift av fellestenestene i RRA frå UD til DFD ved DSS.

Føring 1: Bidra i overføringa av drift av fellestenestene i RRA frå UD til DFD ved DSS

DIO skal bidra i arbeidet til DSS med å overføre ansvaret for drift av fellestenestene i RRA frå UD til DFD ved DSS. Det er viktig at kvaliteten på tenestene ikkje blir svekka som følgje av overføringa frå UD. DIO skal hjelpa til med innføringa knytt til bruk av digitale løysningar og innrette arbeidet med overføringa på ei måte som sikrar saumlaus drift.

- **Frist for å ferdigstille arbeidet med å overføre ansvaret for drift av fellestenestene i RRA frå UD til DFD ved DSS er seinast 1. mars 2026.**

Føring 2: Bidra i etableringa av ny fellesteneste for servicetenester i DSS

DIO skal bidra i arbeidet til DSS med å etablere ein ny fellesteneste for servicetenester. DIO vil få ei rolle knytt til bruken av digitale løysingar. DIO skal etablere gode grenseflater mot DSS, og bidra i etableringa av den nye fellestenesta der det er føremålstenleg.

- **Frist for å ferdigstille arbeidet med å etablere servicetenester som ei fellesteneste i DSS er seinast 1. mars 2026.**

Føring 3: Bidra i etableringa av ny fellesteneste for førebyggjande tryggingsarbeid i DSS

DIO skal bidra i arbeidet til DSS med å etablere ei ny fellesteneste for førebyggjande tryggingsarbeid internt i departementa. Hovudansvaret for tenesta skal ligge hos DSS, men det er ei viktig grenseflate mot DIO når det gjeld informasjonssikkerheit. DIO skal etablere gode grenseflater mot DSS, og bidra i etableringa av den nye fellestenesta der det er føremålstenleg.

- **Frist for å ferdigstille arbeidet med å etablere førebyggende tryggingsarbeid som ei fellesteneste i DSS er seinast 1. januar 2027.**

Føring 4: Bidra til etableringa av nye fellestenester for HR i DSS

DIO skal bidra i arbeidet til DSS med å etablere nye fellestenester for HR. Hovudansvaret for tenesta skal ligge hos DSS, men DIO vil få ei rolle knytt til å støtte DSS med å vurdere og implementere digitale løysingar. DIO skal etablere gode grenseflater mot DSS, og bidra i etableringa av den nye fellestenesta der det er føremålstenleg.

- **Frist for å ferdigstille arbeidet med å etablere nye fellestenester for HR i DSS er seinast 1. januar 2027.**

6. Oppdrag 15: Implementere ny styrings- og avgjerdsmodell

DFD gir med dette DIO eit nytt oppdrag – oppdrag 15 – å implementere den nye styrings- og avgjerdsmodellen for DIO så raskt som mogleg. DFD skal orienterast om korleis modellen følgjast opp av DIO. DIO skal ha dialog med DSS om kontaktflater mot departementa, slik at dette koordinerast på ein god måte. DIO skal etablere eigna arenaer saman med kundane og brukarane sine i samsvar med beskrivinga over. Dette inneber at det ved revisjon av dagens samarbeidsavtalar må takast omsyn til desse nye rammevilkåra.

Dagens hovudmodell for kostnadsdeling for administrative fellestenester blir vidareført. DFD tar sikte på å gjennomføre ei utgreiing av kva tenester som eignar seg for rammefinansiering, kva tenester som eignar seg for brukarbetaling og om DSS og DIO har løyvingsskjemmer som gjer dei i stand til å løysa oppdraget og utvikla tenester og fagområde, i 2026. DFD kjem tilbake med meir informasjon om dette seinare.

7. Økonomi

Oppdrag 12 skal i utgangspunktet dekkast innanfor eksisterande budsjetttrammer i 2025, mens oppdrag 14 og 15 skal i sin heilskap dekkast innanfor eksisterande budsjetttrammer i 2025. Dei ressursane som departementa bidreg med inn i DIO sitt arbeid, skal dekkast innanfor departementa sine budsjett. DIO vil få dekt enkelte utgifter i 2026. Nærare informasjon om dette kjem i tildelingsbrev for 2026.

Oppdrag 12 og oppdrag 13: Departementet gir med dette DIO fullmakt til å belaste DFDs kap. 1512, post 27 med inntil 37,17 mill. kroner i 2025. Dette skal gå til å dekke DIO sine utgifter til oppdrag 12, føring 3, og oppdrag 13, føring 1, 2 og 4.

For oppdrag 13, føring 4 kan DIO totalt belaste DFDs kap. 1512, post 27 med inntil 11 millionar kroner. Alle andre kostnader knytte til arbeidet til UD med å utvikle og få innført mellombels løysing for UD og utanriksstasjonane, må dekkast av UD sjølv. Løpande driftskostnader knytte til løysinga skal dekkast av UD.

8. Rapportering

DIO skal rapportere på framdrift i verksemdas delprosjekt til DFD. Det skal vere direkte dialog mellom prosjektet i DFD og DIO om status, avvik, risiko og eventuelle tiltak kvar månad.

DIO skal rapportere på status, avvik, risiko og tiltak (SART) på dette supplerande tildelingsbrevet til DFD, i samsvar med vanleg rapporteringsregime – pr. tertial og i samband med årsrapportering.

Med helsing

Aleksander Åsheim (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vetle Bjøringsøy Johnsen
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen